



Det byrja med brudlaup – laurdag var det 40-årsdag i Bøkkerverkstaden på Rød. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag vart Bøkkerverkstaden på Rød nytta att, denne gongen til markering av ein 40-årsdag. Kristian Bringedal er godt nøgd med at dette kulturminnet vert brukt og får ein ny funksjon i ei ny tid.

- Litt inntekter vert det også. Dei kjem godt med no når den nye kaien skal betalast, seier Bringedal til uskedalen.no.

Det var ukjent for dei om lag 40 gjestene kor 40-årsdagen skulle høgtidast. Vertskapet Eide hadde laga det stilfullt til i sjøbua og på kaien. Spelemann og kjømeister var Atle Fredheim frå Mauranger.

- Dei som ynskjer ein fin sommarplass for årsmølsdagar, blåturar, slektstreff eller personalsamlingar kan knapt finna nokon meir høveleg plass enn Bøkkerverkstaden, seier Bringedal.

Han ber om at interesserte er ute i god tid og tingar plass. Styret for Bygdetunet Rød vil hjelpa til med det praktiske og sjå til at samlingane får ei fin ramme.

Av Ola Matti Mathisen